STATENS VEGVESEN
MØRE OG ROMSDAL

| LABORATORIET | HOVEDARKIV: 461.3<br>OPPDRAG: NR 91.046<br>LABARKIV: RV E69 Hp 04<br>KOMMUNE: NR<br>KARTREFERANSE: |
|---|---|

TITTEL: SIKRING PÅHOGG MÅNDALEN

| SAKSBEHANDLER: Overingeniør Kåre Ingolf Karlson | RAPPORT NR 4 |
|---|---|
| KONTAKT: Jakob Engeseth/Kristen O. Leganger | |

| DATO: 1992-01-29 | SENDT TIL | Vsj. | Drsj. | KL | JE | LEG | Lab.ark. |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| VÅR REF: KIK/BTA | Antall | 1 | | 1 | 1 | 1 | 3 |

Laboratoriet, Molde, den 29/1-92 B Wiersbirf

Ved ei synfaring den 14. januar 1992 vart sikring av forskjeringa vurdert saman med oppsynsmann Kristen O. Leganger. Før synfaringa var skjeringsveggen til venstre for påhogget sikra med 3 m lange rørboltar. Over komande tunnelpåhogg var det sikra med ei rast 6 m lange spilingboltar. I tillegg var det sett inn ein del 4 m lange boltar både over og på sidene til det komande tunnelpåhogget.

Fjellet i området er prega av ei sprekkeretning tilnærma parallelt med påhoggsflata og fall $67^9$ ut mot dagen. Det gjer at fjellet blir delt opp i relativt steile skiver om lag på tvers av tunnelen.

For å sikre mot at desse skivene glir ned når dei første salvene blir sprengt, bør det setjast ei rast med spilingboltar l = 6 m utanfor den som er gjort. Det er tilstrekkeleg med ei breidde på 4 m midt over hengen. Denne rasta bør setjast i eit saksemønster i høve til den inste rasta med bolteavstand 0,6-0,7 m. Det må òg supplerast med 3 og 4 m lange boltar på høgre side av påhogget. På den øvste delen av veggen bør det nyttast 4 m lange boltar medan det er tilstrekkeleg med 3 m lange boltar på nedste delen.

Eit parti på skjeringsveggen nær hjørnet mot påhoggsflata er tett oppsprukke og bør sikrast med fiberarmert sprøytebetong. Kantane på ei større blokk i hjørnet mellom skjeringsveggen og påhoggsflata bør òg sikrast med fiberarmert sprøytebetong.

Over påhogget bør kantane (kontursprang) på flaka sikrast med fiberarmert sprøytebetong. Det er ikkje nødvendig å sprøyte anna enn kantane av flaka.



Lang-
fjellet
Blåstolen
Sausetbotnen
Sauset
37. Juvikfonna
36. Sæbönesfonna
Storfonna?
Heggefonna?
Ikkje gått sidan 1980/81
37
Svarte-
Svartevassbakken
861
698
Urdhaugen
Litlehei-
kollen
761
Otterholmneset
36
Vassfjellet
Prosten
Helle-
haugen
13
14
15
16
17
18
19
20
22
Högsætra
583
Hovde-
kollen
581
Tverrlisætra
Sæbö
Haugan
Mosætra
35
Modalen
Gröntinden
1179
Voll
Otterholm
Måndalen
Skeie
76
499
Blå-
Kaldtinden
Raknem
ned
Voll
Torslåtten
34
Moen
Bö
Samset
Venåskollen
Nons-
haugen
Venåsdalen
Gröte
Bruaset
810
33
Oygarden
Volladalen
727
Klauva
Skarven
1100
Venås
Venåssætra
Tverr-
berget
32
731
Bakken
Skare
239
Bruaset-
haugen
Litle-
fjellet
Hovdesætra
Furuholen
Samsetsætra
31
Skarsætra
Nysætra
Kvernhusbotn